

## Referat frå 3. møte i Kunstkomiteen for nye Voss gymnas

1.juni kl. 11.30 – 14 Stad: Voss gymnas

Til stades:

*Petra Rahm (kunstkonsulent), Ingebjørg Astrup (HFK – Eigedomsseksjonen), Raket Marøy (Voss husflidsskule), Per Højgaard Nielsen(arkitekt), Tone Stedal Haugland(HFK Kultur- og idrettsavd, referent). I tillegg til disse komitemedlemmane var Elin Reisæter(HFK eigedomsseksjonen) og Unn Fauskanger(rektor Voss Gymnas)til stades.*

*Forfall: Gunnar Hemre Ringheim(HFK Eigedomsseksjonen), Sara Rykke Mandelid (elevrepr. Voss Gymnas)*

1. Kl. 11.30 Synfaring på det eldste skulebygget.
2. Gjennomgang og godkjenning av innkalling og referat – referat godkjend
  2. Val av stader for kunst og framgangsmåte for utveljing av kunstnarar. Diskusjon om ønska uttrykksformer.

Det vart vedteke at komiteen ønskjer å lyse ut open prekvalifisering kunstprosjekt i området skuletorget / første etasje i bygget/ ledevegg inn til kantine / kantinevegg. Prekvalifiseringa skal ha som føremål å finne kunstnarar til lukka konkurranse eller direkte oppdrag. Kunstutvalet vil ha også ha høve til å invitere andre kunstnarar som ikkje har meldt si interesse i prekvalifiseringa til lukka konkurranse eller direkte oppdrag. Det skal settast av omlag 1 mill. kroner til kunstprosjekt i desse områda.

Petra utarbeidar utlysning klar til offentleggjering i starten på august. Det lysast ut i bladet Billedkunst og Hordaland kunstsenter sitt nyheitsbrev, evt. bladet Kunsthåndverk og KORO nettsider. Frist for innsending 30.august.

#### 4. Budsjett

Det vart gjennomgått eit førebels budsjett. Dette må justerast etter kvart

#### 5. Framdriftsplan og komande møte

Utllysning av prekvalifisering august - september